

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 87/2004

av 8. juni 2004

om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 58/2004 av 23. april 2004⁽¹⁾.
- 2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsvedtak nr. 2256/2003/EF av 17. november 2003 om vedtaking av eit program (2003-2005) for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreiding av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)⁽²⁾.
- 3) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2004 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I protokoll 31 artikkel 2 nr. 5 i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32003 D 2256**: Europaparlaments- og rådsvedtak nr. 2256/2003/EF av 17. november 2003 (EUT L 336 av 23.12.2003, s. 1).”

⁽¹⁾ TEU L 277 av 26.8.2004, s. 29, og EØS-tillegget til TEU nr. 43 av 26.8.2004, s. 24.

⁽²⁾ TEU L 336 av 23.12.2003, s. 1.

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde 9. juni 2004, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2004.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferda i Brussel, 8. juni 2004.

*For EØS-komiteen
Formann*

S. Gillespie

Sekretærer for EØS-komiteen

Ø. Hovdkinn

M. Brinkmann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.